



Nr. 1
v-87

BLI MED PÅ STUDIESIRKEL!

- NKS seier at det trengst ein væpna revolusjon for å innføre sosialismen i Noreg
Betyr det at vi driv våpentrening "på skauen" og at alle NKS-medlemmer har ein AG-3 i skapet ?
- Vi i NKS er for proletariatets diktatur. Betyr det at AKP(m-l) skal ta makta og styre over resten av folket ved hjelp av hemmeleg politi, konsentrasjonsleirer og at "Klassekampen" blir den einerådande avisa ?
- NKS er ein aktivistorganisasjon. Betyr det at alle medlemene i NKS er heiltids-politikarar som må ofre alt av privatliv og studiar til fordel for saka ?
- NKS er marxist-leninistar. Betyr det at vi dyrkar Marx og Lenin sine skriftar som Bibelen og med desse herrane som gudar ?
- NKS er organisert etter prinsippa for demokratisk sentralisme. Betyr det at Sentralkomiteen i AKP(m-l) bestemmer kva vi skal seie og meine ? Betyr det at det "indre livet" er udemokratisk og at svara på alle spørsmåla vi diskuterer er gjevne på førehand ?

Desse og mange andre spørsmål får du svar på viss du blir med på studiesirkel no i vår. Sirkelen er open for alle interesserte.

Møteplan : Møte 1. Innføring.

Møte 2. Historisk materialisme.

Møte 3. Kapitalismen-politisk økonomi.

Møte 4. Imperialisme og krig.

Møte 5. Klassar og klassekamp. Revolusjon eller reformisme.

Møte 6. Sosialisme og kommunisme. Kommunistpartiet.

Møte 1 vil bli tirsdag 3. mars.

Påmelding til : Øyvind Thomassen, HK 30-21, 7035 Moholt, tlf 588408

NKS, Prinsens gt. 14, 7000 Trondheim

NKS arar du kjenner/veit om.

NKS på stand på skolen.

NKS

norges kommunistiske studentforbund
er studentorganisasjonen til

AKP(m-l)